

KOMMUNEPLAN

Etne kommune

Samfunnsdel 2016 – 2026

Mål, prioritering og ansvar

Planen er vedteken av Etne
kommunestyre 15. desember 2016.

Kommuneplanen skal gjera framtida opa og føreseileg for innbyggjarane og andre med interesser i kommunen. Samfunnsdelen legg føringar for korleis kommunen skal prioritera og tydeleggjer kva mål kommunen har sett for planperioden.

The background of the page features a photograph of a suspension bridge made of wood and metal cables. The bridge spans a deep valley with steep, rocky mountains covered in green vegetation. Sunlight filters through the trees on the left, creating bright highlights on the bridge's structure and the surrounding landscape.

Innholdsliste

Innleiing: 4

- 1. Samfunnsutvikling 7**
- 2. Barn og unge: 8**
- 3. Kultur og fritid: 10**
- 4. Helse og omsorg: 12**
- 5. Bustad og næring: 13**
- 6. Beredskap: 14**
- 7. Samferdsle: 15**
- 8. Politikk og organisasjon: 16**
- 9. Økonomi: 17**
- 10. Arealdisponering: natur, miljø og klima 18**



Foto: Roar Bævre ©



Foto: NN frå Sogespelet 2014

Innleiing

Kommuneplanen er heimla i Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningslova). Kommuneplanen skal ivareta nasjonale, regionale og kommunale oppgåver og vera grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar. Berekraft står sentralt, og tyder at ein skal bruka ressursar på ein måte som ikkje øydelegg for framtidige generasjonar og deira mogelegheiter. Ressursane er til dømes luft, vatn, mineral, biologisk produksjon (alt levande) og energi. I tillegg legg berekraft vekt på sosiale og økonomiske sider av utviklinga. Ei berekraftig utvikling syter for å ha stø kurs på økonomien og halda sosiale skilnader på eit minimum, dvs. unngå reproduksjon av sosialskilnad, i praksis vil det seia at ein ikkje produserer arenaer som aukar sosial skilnad.

Kommuneplanen er delt inn i ein samfunnsdel, handlingsdel og arealdel. Samfunnsdelen fortel kva mål kommunen set seg. Handlingsdelen fortel korleis ein skal nå måla i planen. Ein går årleg gjennom handlingsdelen i samband med kommunen sin økonomiplan. Arealdelen fylgjer opp samfunnsdelen i det romlege perspektiv og gjev føringar for arealbruk, siste del av samfunnsdelen inneholder føringar for kommuneplanen sin arealdel.

Samfunnsdelen set mål både for kommunen som heilskap og for kommunen som organisasjon. Grunna brukaromsyn er ikkje vurderingane for kvifor ein har vedteke dei ulike måla med i dette dokumentet, det vil gjeva teksten for lang og difor lite bruksvenleg. For grunngjeving av mål og omsyn, tilhøve til nasjonale og regionale føringar, kommunestruktur og interkommunalt samarbeid, sjå politisk sak.

Hovudfokusområde i samfunnsdel er:

1) Barn og unge

2) Folkehelse

3) Gode bumiljø.

Barn og unge er eit eige kapittel, og er eit viktig satsingsområde om ein skal tenkja langsiktig. Å satsa på barn og unge er å vera medviten om at det ein dag kjem ei framtid, satsinga lyt skje i samarbeid med foreldre. Kommunale tilbod, slik som barnehage og skule, er viktige arenaer der barn og unge er frå mykje til mesteparten av si vakne tid. Samstundes har foreldre (framleis) det viktigaste

ansvaret for å sikra at deira barn er budde på framtida og får gode liv, kommunen verken kan, vil eller ynskjer å ta frå foreldre dette ansvaret.

Gode bumiljø skal sikrast gjennom kulturelle tiltak, føringar i arealdelen og ved å arbeida for eit godt tenestetilbod. **Det er mål for folkehelse i mest alle kapitla, måla er framheva med tjukk og grøn skrift.** Måla står i prioritert rekkefylgje.

Kommuneplanen er plikta til å sjå prioriteringar ut frå det ein tolkar som samfunnets beste. Næringsliv, økonomi, estetikk, kriminalitet, folkehelse, miljø, sosial- og kulturell utvikling, ressursar, klimaomsyn, samfunnssikkerheit, barn og unge er alle ulike sider av «samfunnets beste», både kommuneplanen og politisk handling skal sikra ivaretaking av desse og eventuell prioritering mellom dei. Økonomi og andre ressursar avgjer kor omfattande kommuneplanen skal vera. Det skal vera samsvar mellom kommuneplan og handling, det er difor eit mål at kommuneplanen skal vera lett å forstå og lett å bruka. Det er lagt vekt på at dokumentet skal vera kortfatta og lett å lesa for flest mogeleg.

Det er tilsette i kommunen si oppgåve i saman med politikarane og innbyggjarane generelt å syta for at kommunen når dei måla som politikarane vedtek. For at arbeidet skal vera oppnåeleg må det vera tufta på tydelege føringar og godt samarbeid, der ein er trygg på einannan. Til dømes lyt både administrasjon, men ikkje minst politikarane sjølve, fylgja opp dei måla politikarane har vedteke for at kommunen skal gå i éi retning og ikkje motarbeide seg sjølv og hindra ei god utvikling.

I arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel har einingane i kommunen delteke aktivt. Det har vore brei medverknad frå offentlege organ, interesseorganisasjonar, næringsliv, nabokommunar og privatpersonar. Kommunen har halde folkemøter i Skånevik, Etne og Åkrafjorden. Medverknaden har gått føre seg i fleire periodar, seinast i høyringsfasen hausten 2016.

Planen vart vedteken av Etne kommunestyre 15. desember 2016.



Foto: Roar Bævre©



Foto: Roar Bævre©

1. Samfunnsutvikling

Etne kommune er ein god kommune å bu i – med satsing på barn og unge, folkehelse og gode bumiljø.

- 1.1. Kommunen skal gjennom ambisjonar som «*Best i vekst*» og slagord som «*Me gjere de' i Etne*» vise at ein heile tida jobbar for å bli betre. Det er eit mål å framleis vera leiande på kultur og handel i indre delar av regionen.
- 1.2. **Folkehelse skal vere eit satsingsområde i Etne kommune.** Ei årleg oppdatert folkehelseoversikt skal liggja som grunnlag for utarbeiding av alt planverk.
- 1.3. **Reiselivssatsinga skal ha grobotn i samspelet mellom friluftsliv, natur og kultur.**
- 1.4. God og aktiv tettstadsutvikling i Etne og Skånevik er sentralt i den vidare utviklinga av kommunen. Gjennom fokus på fortetting, småbyutvikling, gode bumiljø, aktivitet og møteplassar vil ein samarbeide med lokalsamfunn næringsliv og andre om ei god utvikling i tettstadene våre. For Etnesjøen vil prosjektet *Etnesjøen 2020* vera eit viktig prosjekt.
- 1.5. **Universell utforming skal ivaretakast i alle kommunens einingar og prosjekter.**



2. Barn og unge

Barn er framtida og vår viktigaste investering. Me gjer barn og unge budde på livet ved å sikra kunnskap og god helse. Oppvekstvilkåra skal vera prega av trivsel, tryggleik, ambisjonar, aktivitet og skapa gode barndomsminne.

Felles for oppvekst

- 2.1. **Me skal arbeida for at barn og unge utviklar ei god fysisk, psykisk og sosial helse.**
- 2.2. **Me skal arbeida for at alle barn og unge får utnytta ressursane sine og verta godt inkluderte i det ordinære oppleget i barnehage, skule og SFO.**
- 2.3. **Me skal arbeida førebyggjande mot mobbing, overgrep, rusmisbruk, vald og kriminalitet. Det skal vere null-toleranse for mobbing. Me skal oppretthalda politiråd, SLT og vidareføra samhandlingsplan med politi.**
- 2.4. Me skal arbeida tverrfagleg og i samarbeid med heimane for å hjelpe familiarar, barn og unge som treng ekstra oppfylging.

Barnehage

- 2.5. **Barnehagane skal ha eit godt læringsmiljø, tilsette med god fagleg kompetanse og høge ambisjonar.** Etne kommune skal ha ein fellesstandard for tenester i dei kommunale barnehagane, standarden skal sikra eit godt pedagogisk tilbod.
- 2.6. **Full barnehagedekning for alle barn 0–6 år, med minimum 2 opptak i året.**

Skule

- 2.7 **Skulen skal ha høge ambisjonar og eit godt læringsmiljø som sikrar at alle elevane får utnytta sine mogelegheiter.**
- 2.8 Karaktersnittet skal liggja på eller over nasjonalt snitt. Dette gjeld både standpunkt- og eksamenskarakterar. Det er eit mål å auka talet på elevar som får minst 30 grunnskulepoeng.
- 2.9 **Skulane skal arbeida systematisk med å skapa trygge elevmiljø gjennom mobbeførebyggjande tiltak og arbeid med MOT.**

SFO

- 2.10 Skulefritidsordningane skal ta utgangspunkt i skulen sin visjon og vere helsefremmende gjennom trivsel, leik, fysisk aktivitet og ernæring - gjerne i samarbeid med lag og organisasjonar.
- 2.11 Leiari for SFO skal ha formell kompetanse med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller høgare utdanning.



3. Kultur og fritid

Etna kommune skal halda på posisjonen som kulturkommunen i regionen. Kultur-, idrett- og fritidstilbod skal vera breitt og variert med ulike grader av samspel, kreativitet og sjølvdisiplin. Dette skal skje i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

- 3.1 Kulturskulen skal ha eit variert og godt kjent tilbod.**
- 3.2 Turstiar skal registrerast i kart som vil vere tilgjengelege via kommunen sine nettsider. Arbeidet skjer i samråd med grunneigarar. Ein minner om ansvaret som fell på turgåurar når dei nyttar seg av allemannsretten.**
- 3.3 Me skal i saman med andre aktørar ta vare på og utvikla eksisterande og nye frilufts- og friområde. Dette er viktig arbeid for å sikre tilkomst for ålmenta.**
- 3.4 Kommunen skal vera aktiv med å leggja til rette for, og støtta opp om, kultur- og idrettsarrangement.**
- 3.5 Biblioteket vert nytta som ein arena for samfunnsinformasjon og debatt.**
- 3.6 Kommunen byggjer opp om frivillig arbeid kring kulturen og er positiv til private initiativ. Initiativ til å ta vare på, og formidle, kulturhistoria og frivillig arbeid for uorganisert ungdom er særleg ynskte tiltak.**
- 3.7 Me arbeider for vidareformidling og opplysningsarbeid for den kulturelle arven. Barn og unge er særleg målgrupper for formidlingsarbeidet.**





Foto: Roar Bævre©



Foto: Roar Bævre©

4. Helse og omsorg

Me skal vektleggja førebygging og folkehelse, det er eit mål at den einskilde skal ta vare på eiga helse. Det offentlege tenestetilbodet skal sikra eit likeverdige tilbod i alle livsfasar.

- 4.1 Byggja nytt omsorgssenter i Etne i planperioden, for å ivareta alvorleg sjuke i eigen kommune når det ikkje lenger let seg gjera å oppretthalda ei forsvarleg helseteneste i heimen.
- 4.2 Etne kommune satsar på heimebaserte tenester ved å nytta kvardagsrehabilitering og velferdsteknologi. Det er eit mål at flest mogeleg bur lengst mogeleg i eigen heim.
- 4.3 Byggja opp eit godt fagleg tilbod for rusavhengige og familiane deira, der me legg vekt på eit godt tverrfagleg samarbeid mellom einingane.
- 4.4 Me skal styrkja helsetilbodet til personar med psykiske lidingar og utvikla butilbod.
- 4.5 **Me vil vera med å vidareutvikla Frivilligsentralen.**
- 4.6 Etne kommune bør opprette eit dag-/aktivitetstilbod for heimebuande demente.
- 4.7 Sikra folketannrøkta lokalt.



Foto: Roar Bævre©

5. Bustad og næring

Me har eit mangfold i næringsliv og busetjing, som me ynskjer vidareutvikla på ein berekraftig måte. Me skal leggja til rette for busetjing og næringsverksemd i kommunen.

- 5.1 Halde folketalet over 4200.
- 5.2 Leggja til rette for busetjing i alle bygdene i kommunen. **Hovudtyngda av ny busetnad skal leggjast til tettstadane Etne og Skånevik.**
- 5.3 Kommunen skal til ei kvar tid ha næringsareal for ulike typar næringar tilgjengeleg.
- 5.4 Etne kommune skal ha ein god arena for dialog og samarbeid med næringslivet, mellom anna gjennom deltaking i Tomteselskapet Etne AS som er eit samarbeid mellom næringslivet og Etne kommune for utvikling og sal av tomter i Etne.
- 5.5 Etne kommune er ein viktig reiselivskommune. I områda kring Åkrafjorden skal særleg omsyn til turistnæringa vektleggjast høgt, både fordi det er ei viktig næring lokalt, men òg fordi områda er viktige på regionalt og nasjonalt nivå.
- 5.6 Landbruk er ei viktig næring i kommunen. Etne kommune skal vera ein pådrivar for eit framleis aktivt og godt landbruk. Målsetjinga skal vera ein auka matproduksjon i tråd med nasjonale mål.

Inkludering

- 5.7 Kommunen utarbeider rutinar for informasjon og tilbod til alle innflyttarar.
- 5.8 Kommunen skal så langt det er råd busetja og integrera flyktningar etter førespurnad frå sentrale styresmakter. Kommunen ser på busetjing av flyktningar som ein del av kommunen sine oppgåver.

6. Beredskap

Tryggleik, framkomst og gode rutinar er nøkkelomgrep for beredskap.

- 6.1 Det er særleg viktig at overordna kriseleiing kjenner sine oppgåver og er trygge på eigne avgjersler. Alle i organisasjonen skal ha oversikt over fordeling av oppgåver ved krisesituasjonar, når dette vedkjem dei.
- 6.2 Sikringstiltak for å hindra brannspreiing skal vurderast i samarbeid med eigarar, med særskild fokus på tettbygde strok.
- 6.3 Ny utbygging skal berre plasserast i område som ikkje har naturfarar, slik som ras eller flaum, eller krevje tiltak som gjer at farane ikkje lenger utgjer ein for høg risiko.



Foto: Roar Bævre©



Foto: Roar Bæve ©

7. Samferdsle

Me arbeider for å sikra at det er fleire måtar å koma seg fram på.

- 7.1 **Me skal gjera det lettare for folk å vere fysisk aktive – leggja til rette for mjuke trafikantar.**
- 7.2 Me skal utbetra kaiområda i Etne og Skånevik i planperioden.
- 7.3 **Me skal arbeida aktivt for å sikra kollektivtilbod, oppmoda og brukha kollektivtilbod når me kan. Det skal arbeidast for å styrkja snøggbåttilboden i Skånevik.**
- 7.4 Ivaretaking av eksisterande kommunale vegar skal prioriterast framfor å overta nye.
- 7.5 Arbeida for at Fylkesveg 48 og 34 vert prioritert og utbetra.
- 7.6 Arbeide aktivt for å sikre at E-134 vert prioritert som det viktigaste austvestsambandet og innarbeidd tidleg i komande Nasjonal transportplan.
- 7.7 Etne kommune vil fortsette arbeidet med å leggja til rette for vegutløsing mellom Sauda og Etne.

8. Politikk og organisasjon

Etna kommune skal vera ein god og attraktiv arbeidsgjevar, der ein gjennom sams haldningar arbeider til beste for heile kommunen.

- 8.1 Folkevalde og medarbeidarar samarbeider for at kommunen når sine mål og gir eit godt omdømme.
- 8.2 **Me skal arrangere fellesaktivitetar som styrkjer samhaldet i kommunen.**
- 8.3 Me skal ha trygge, rause og engasjerte medarbeidarar med rett kompetanse i alle stillingar. Leiarane skal vera tydlege, inspirerande og motiverande ut frå felles verdigrunnlag og leiarfilosofi.
- 8.4 Me skal vera del av ein lærande organisasjon, der arbeidsplassen er den viktigaste læringsarenaen og medarbeidarane har merksemd på kontinuerleg forbetring.
- 8.5 God sørvis skal ytast både mot innbyggjarar, næringsliv og andre medarbeidarar.
- 8.6 **Me skal vera ein kommune med eit inkluderande arbeidsliv som har fokus på førebygging og tilrettelegging for tilsette og med eit mål om sjukefråvær på 4% eller lågare. Kommunen skal stimulere til fysisk aktivitet for dei tilsette.**
- 8.7 **Etna kommune skal arbeida aktivt for å leggja til rette for lærlingar**





Foto: Roar Bævre ©

9. Økonomi

Me skal ha ei berekraftig økonomistyring som gir handlingsrom.

- 9.1 Me skal ha økonomisk handlingsrom og ei berekraftig økonomistyring. Etter at renter og avdrag er betalt, er det igjen midlar (overskot) til avsetningar, investeringar og nye tiltak. Netto driftsresultat skal vera minimum 1,75 % av driftsinntektene. For å ha ein buffer mot brå svingingar og underskot i drifta, skal disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter vera på minimum 10 %. Utgifter til renter og avdrag reduserer vårt handlingsrom, netto lånegjeld skal vera under 70 % av våre brutto driftsinntekter.
- 9.2 Me skal redusera etterslep på vedlikehald. Me skal til ei kvar tid ha ei oppdatert oversikt over behov for vedlikehald på kommunal eigedom.
- 9.3 **Enøk og inneklima er satsingsområde, kommunen skal redusera straumforbruket med 10% innan 5 år.**



Foto: Roar Bævre©

10. Arealdisponering: natur, miljø og klima

Me skal gje kommunen vidare i ein betre tilstand enn me arva den og arbeida for berekraftige løysingar for utviklinga. Me skal arbeida for å unngå interessekonfliktar.

- 10.1 Me sikrar raudlisteartar i kommunen, både dyr og plantar. Laks og sjøaure skal vere levedyktig i dei elver og bekkar der dei naturleg hører heime. Tiltak som manglar vurdering av alternative løysingar ved uheldige konsekvensar for miljø, skal avvisast til slik vurdering er gjort. Vedtak kan ved konflikt berre gjerast med etterhald om avbøtande tiltak eller alternative løysingar utan uheldige konsekvensar.
- 10.2 Utviding av eksisterande inngrep skal prioriterast framfor nye inngrep, der dette leier til mindre konsekvensar for miljøet.
- 10.3 Det skal gjerast særskilde vurderingar av omsynssoner knytt til kulturminne, viktige naturtypar, avgrensing av utbyggingsområde i strandsona (funksjonell strandsone) og kjerneområde landbruk.

- 10.4 Landbruksareal, dyrka eller dyrkbart, skal ikkje nyttast til hus, hyttebygging, vegframføring, eller andre utbyggingsføremål som kan leggjast andre stader.
- 10.5 Me skal gjennom føresegner og arealkart ha eit medvite tilhøve til tiltak, både mindre tiltak og tiltak som er i samsvar med stadbunden næring i LNF-område, der dette kan kome i konflikt med vassdrag eller andre verdiar som bør vernast om.
- 10.6 Ny busetnad skal vere i område avsett til bustad i kommuneplanen. Bustadtomtene skal vere tilstrekkeleg mange, varierte og attraktive.
- 10.7 Hyttebygging skal fortrinnsvis skje ved fortetting i eksisterande område.
- 10.8 Omsyn til naturfarar skal vere avgjerande for kvar ein får høve til å byggja hus for varig opphold (øg feriehus). Områder skal anten vera utan farar eller sikrast mot slike, mellom anna skal me ta høgd for klimaendringar.
- 10.9 I sjønære sentrumsområde skal bustadbygging prioriterast framfor hyttebygging, i den grad det kan vere aktuelt å gje løyve til bygging i strandsona. Ålmenta skal sikrast tilkomst til sjø.
- 10.10 Kommunen skal vera tydelege på kva krav som vert stilt, ordna tilhøve for veg, vatn og kloakk er minimumskrav før utbygging kan finne stad.
- 10.11 Oppmoding og tilrettelegging for fellesanlegg bør vere eit mål for utbyggjarar og kommunen der dette sparer areal og miljøinteresser. Krav om fellesløysing for teknisk infrastruktur kan nyttast som føresetnad for løyve. I strandsona skal ein i saker om småbåthamner og naust vektleggja sambruksløysing, fortetting og høg utnyttingsgrad.
- 10.12 Utfordringar med overvatn skal takast omsyn til i planar og ved utbygging. Kommunen kan setja krav til lokale løysingar for overvassproblematikk.
- 10.13 **Me skal arbeida for førebygging av kriminalitet og kan med grunnlag i dette legga føringar for detaljreguleringsplanar, eller krevje endring i planar der kommunen ser at dette føremålet ikkje er teke nok omsyn til.**
- 10.14 Sjønære areal på Tongane og Leknestangen industriområde bør brukast til næring som treng tilkomst til sjø. Anna areal for støyande/støvande industri bør fortrinnsvis leggjast i område som ikkje har spesielle verdiar for naturmangfold, jordbrukslandskap, friluftsliv eller nærleik til

institusjonar. **Industriareal bør ikke leggjast i nærleiken av bustadområde eller motsett .**

- 10.15 Gjera krav til estetikk tydelege. Fremje landskaps- og estetiske omsyn som er viktige for identitet og kulturhistorisk forståing. Me skal innarbeida estetiske føringer i arealdelen.
- 10.16 Kommunen skal gå gjennom eldre reguleringsplanar, finn ein at planane stirr med dagens lover og regelverk skal planane ikkje lenger gjelda, eller endrast i samsvar med dagens krav.



Foto: Roar Bævre©



Foto: Roar Bævre ©